



Møteprotokoll

Utval: Formannskap
Møtestad: Nord Solund Bygdetun
Dato: 02.10.2025
Tid: Kl. 09:00 - 09:30
Saksnr.: 067/25

Faste representantar som møtte:	Parti
Andreas Færøy Gåsvær	AP
Gunn Åmdal Mongstad	SP
John Sigfred Hugøy	SP
Sara Tunestveit	SP

Forfall faste representantar:	Parti	Fylgjande vararep. møtte:	Parti
Signe Bjørøy	H	Øystein Olai Espeland	H

Møteleiar: Gunn Åmdal Mongstad

Møteinnkalling:	Innkalling datert 30. september 2025
Kunngjering:	Heimeside
Frå administrasjonen møtte:	Kommunedirektør Jens-Eivind Kobbeltvedt. Stabsleiar Amund Fuglebakk Aglen. Leiar for Plan og tekniske tenester Kjartan Nyhammer.
Permisjon frå møte:	
Godkjenning innkalling:	Det var ingen merknad til innkallinga.
Godkjenning sakliste:	Det var ingen merknad og saklista vart samrøystes godkjent.
2 rep. underskrift møtebok:	Representantane Andreas Færøy Gåsvær og Sara Tunestveit vart samrøystes valde.
Utlevert i møtet:	
Spørsmål/interpell.:	
Orientering:	
Synfaring:	
Diverse:	

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
067/25	Klage på avslag om deling og krav til rasvurdering - gbnr. 55/2 og 55/7

Underskrifter:

067/25: Klage på avslag om deling og krav til rasvurdering - gbnr. 55/2 og 55/7

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Solund kommune syner til plan- og bygningslova § 28-1 og opprettheld krav til sakkunnig vurdering av rasfare for arealet som vert søkt overført frå 55/2 til 55/27, då ein ikkje finn heimel for å gje dispensasjon frå slikt vurdering i lov eller forskrift. Det framgår og av tolkinga frå Kommunal- og distriktsdepartementet er det ikkje heimel til å sjå bort frå kravet til dokumentasjon. Då kan heller ikkje kommunen gje løyve før slik dokumentasjon er lagt fram.

Det vert vidare gjeve avslag på søknad om deling av areal på om lag 89 m2 ved sjøen med påståande driftsbygning for fiske/ fangst/ oppdrett, då tiltaket er i strid med byggje- og delegrense mot sjø og i strid med planformål og ein ikkje finn at vilkåra for å gje dispensasjon er oppfylt.

Handsaming i Formannskap 02.10.2025:

Felles framlegg til vedtak:

"Solund formannskap tek klagen til følgje og gjev løyve til:

1. Omsøkt deling og arealoverføring av 800 m2 frå gbnr 55/2 til 55/27 og gjev fritak frå kravet om avklaring av naturfare ved deling av tilleggsareal.
2. Deling av 89 m2 tom med etablert sjøhus på gbnr 55/2

Grunngjeving av er:

1. Ei deling av tilleggsareal til bustadtomta endrar ikkje naturfaren for folk eller materiell. Det vert stilt krav til naturfareutgreiing dersom noko skal byggast på gbnr 55/27.
2. Det omsøkte området ved sjøen eignar seg langt betre til naust enn til bustadbygging. Dette er også i samsvar med nasjonale føringar knytt til strandsonevernet og er ein klar fordel då ein unngår ytterlegare privatisering av sjøområdet.

Vedtaket har heimel i jordlova paragraf 9 og 12. Vidare har vedtaket heimel i plan- og bygningslova paragraf 1-8, 19-2, 20-1 m, 20-4 og 28-1."

Votering:

Felles framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FOR- 067/25 VEDTAK:

Solund formannskap tek klagen til følgje og gjev løyve til:

1. Omsøkt deling og arealoverføring av 800 m² frå gbnr 55/2 til 55/27 og gjev fritak frå kravet om avklaring av naturfare ved deling av tilleggsareal.
2. Deling av 89 m² tom med etablert sjøhus på gbnr 55/2

Grunngjeving av er:

1. Ei deling av tilleggsareal til bustadtomta endrar ikkje naturfaren for folk eller materiell. Det vert stilt krav til naturfareutgreiing dersom noko skal byggast på gbnr 55/27.
2. Det omsøkte området ved sjøen eignar seg langt betre til naust enn til bustadbygging. Dette er også i samsvar med nasjonale føringar knytt til strandsonevernet og er ein klar fordel då ein unngår ytterlegare privatisering av sjøområdet.

Vedtaket har heimel i jordlova paragraf 9 og 12. Vidare har vedtaket heimel i plan- og bygningslova paragraf 1-8, 19-2, 20-1 m, 20-4 og 28-1.